

Skøyte-aktivitet på Fjellandsbøvatnet?

08.01.2010



Entusiastar har gått opp skiløype rundt Fjellandsbøvatnet og no blir det kanskje også eit skøytetilbod der.

Erlend Moen opplyser til uskedalen.no han han planlegg å ta med snøfresar og få bort nok snø laurdag føremiddag til at det går an å gå på skøyter der. Det kom for mykje snø brått til at tilhøva vart brukbare før jul.

Erlend oppfordrar difor alle interesserte til å møta fram i 10-tida laurdag og vera med og hjelpa til.

Kanskje kan det bli ein like vellukka skøytehelg der som på dette biletet.

(Foto: Ola Matti Mathisen)